

MEDELELSER

FRA

DET NORSKE MYRSELSKAP

Nr. 4

August 1940

38. årgang

Redigert av Det Norske Myrselskaps sekretær, dr. agr. Aasulv Løddesøl

DYRKINGSJORD OG DYRKINGSVILKÅR OMKRING I LANDET VÅRT

*Foredrag i Norsk Rikskringkasting 7. mars 1940
av konsulent Eystein Gjelsvik.*

ETTER jordbruksteljinga av 1929 har landet vårt ei flatevidd på 310,000 km². Då er Svalbard ikkje rekna med, og heller ikkje vatn og elver innanlands.

Av denne flatevidd er berre 10,000 km² — 10 millioner mål — innmark. Resten, heile 300 millioner mål, er skog, fjell, myr, heimehagar og lyngmark, stutt sagt utmark.

Det vantar endå noko på at all innmark er dyrka. Av dei 10 millioner mål innmark er framimot 2 millioner mål natureng, som berre er rydja, og som treng grundigare dyrking for å gjeva full avling. Ein kan difor rekna den og som dyrkingsjord, og mykje av nydyrkinga til gardane har til denne tid vore dyrking av natureng på innmark.

Etter jordbruksteljinga av 1929 har vi 6,133,000 mål dyrkingsjord i utmarka. Legg ein dette til det vi har av dyrkingsjord i innmark, kjem vi til at vi endå har på lag like mykje dyrkingsjord som dyrka jord, i alt kring 8 millioner mål.

No må vi nok gå med på at oppgåvene over dyrkingsjord i utmark er noko uvisse. Vi har ikkje noko økonomisk kartverk å byggja på, så oppgåvene er tekne på skyn. Det er heller ikkje lett til kvar tid å slå fast kva ein skal rekna for dyrkingsjord. Nye tekniske og økonomiske hjelperåder og nye driftsmåtar kan føra til at store jordvidder som ein ikkje før kunne dyrka, no kan takast i bruk, og på andre sida kan jord som ein før rekna for god dyrkingsjord, få mindre verd.

Så lenge systematisk grøfting var ukjend i jordbruket — og det er endå ikkje 100 år sidan den vart kjend — kunne ein ikkje dyrka myr og onnor sidlent jord. Med kjennskap til grøfting og nye dyrk-

ingsmåtar og med rikeleg tilgang på kunstgjødsele, kan ein no rekna med at all myr som ein kan regulera vatnet i, kan dyrkast.

Landsskogtakseringa i 1933 reknar med at vi har 21 millioner mål myr under skoggrensa og at kring 18 % av denne myra høver til skogkultur. Truleg kan same vidda, eller meir, nyttast til dyrking. Med dei hjelperåder vi no har for nydyrking er det elles meir eit økonomisk enn teknisk spørsmål kor mykje og kva slags myr ein kan dyrka.

Nye driftsmåtar kan og føra til at jord som ein til denne tid ikkje har rekna som dyrkingsjord, no kan leggjast under kultur. Til beitedyrking kan ein t. d. bruka både steinet og noko brattlendt jord, som ein ikkje kan dyrka til åkerjord.

Det er berre kring 25 år sidan vi tok til med beitedyrking og vi reknar med å ha noko slikt som 15 millioner mål utmark som kan nyttast til det.

Samanlagt kan vi soleis seia at kjennskapet til systematisk grøfing og beitedyrking har utvida den jordvidda som kan dyrkast med noko slikt som 20 millioner mål. Om vi kan nytta all denne jorda er ei sak for seg, som eg ikkje skal koma inn på her.

Også på andre måtar skiftar dei krav vi set til dyrkingsjorda med dei hjelperåder vi kan nytta til dyrkinga, og med driftsmåtane. Så lenge vi ikkje hadde onnor hevd enn husdyrgjødsla, måtte nydyrkinga takast smått om senn, og ein måtte setja store krav til næringsinnhaldet i dyrkingsjorda. Med den tilgang vi no har på kunstgjødsele har næringsinnhaldet i dyrkingsjorda mindre å seia. Rett nok er det så at næringsrik jord krev noko mindre gjødsling og er lettare å halda i hevd enn jord som er fattig på næringsemne. Dette har mest å seia under ekstensiv drift. Då vil ein alltid kunna få noko avling med lite gjødsling på næringsrik jord, på næringsfattig jord vert avlingane små. Men ved sterk drift har næringsinnhaldet i jorda lite å seia. Då må det gjødslast sterkt både på næringsrik og næringsfattig jord, og skilnaden på gjødslingsutgiftene vert så små at det ikkje veg noko. Det har meir å seia at jorda er lett å driva. Om eg ikkje vil gå så langt som dansken som sa, at «den viktigste egenkap ved jorden er at den er flad», så må vi, sers då i bureisinga, taka mykje omsyn til at dyrkingsjorda høver for maskindrift. Arbeidsutlegget i jordbruket er på lag 50 % av driftskostnaden, medan gjødslingsutgiftene ligg på 2—3 %, eller med kunstgjødsele åleine på 6—8 % av driftskostnaden. Det seier seg då sjølv at det er meir å vinna på å rasjonalisera arbeidet enn på å spara hevd, og at dei bruka som har jord som høver for maskindrift vil få billegaste avlingane og ha lettast for å greia seg for framtida.

Vi legg no meir vekt på dei fysiske tilhøva i dyrkingsjorda enn på næringsinnhaldet. Sers vekt har det at ein kan regulera vatnet i jorda. Jordslag som er svært gisne og har liten kapillær evne, som t. d. grusjord og turre furumoar, er dårleg dyrkingsjord. Det same gjeld for jordslag som er for tette, so vatnet ikkje slepp igjen-

nom, og som svell ut i vatn, men ikkje gjev det frå seg att til plantene, soleis som t. d. feit brenntorvmyr.

På den andre sida reknar vi no jordslag som t. d. mjelejord og koppjord, som held godt på jordråmen og har stor evne til å trekkja vatnet opp frå undergrunnen til planterøtene, for god og årviss dyrkingsjord, endå desse jordslaga både er sure og fattige på plantenering.

I det stutte oversyn eg skal gjeva om dyrkingsjorda kring i landet, held eg meg til oppgåvene i jordbruksteljinga av 1929.

Av 6,1 millioner mål dyrkingsjord i utmark ligg vel 4,7 millioner under dei einskilde gardane og 1,4 millioner mål utanom, den siste for det meste truleg i ålmenningar, statsskogar og store skogkompleks. Av dei 4,7 millioner mål som ligg under gardane, ligg det meste under småbruk og mindre gardsbruk. Heile 73 % av denne dyrkingsjorda høyrer til småbruk og gardsbruk som har mindre enn 100 mål innmarksvidd, og tek vi med gardar som har opp til 200 mål innmarksvidd, kjem vi opp i 90 %. Når ein skal døme om kor mykje av denne jorda ein kan gjera rekning på å bruka til bureising, lyt ein taka omsyn til at mykje av ho trengs til utviding av eldre bruk og som tilskotsjord til småbruk. Noko av ho vil og gå med til beitedyrking til eldre bruk, men til det kan ein som nemnt nytta mykje onnor jord som ikkje er rekna som dyrkingsjord no. Det er ikkje forsvarleg, korkje av sosiale eller økonomiske grunnar, å ribba dei gamle bruka so sterkt at dei ikkje har att den jord dei treng til naudsynleg utviding. Vi må truleg rekna med at framimot halvparten av dyrkingsjorda i utmarka vil gå med til dette og at vi soleis har noko mellom 3 og 4 millioner mål som kan nyttast til bureising. Det vil gjeva rom for kring 25,000 bureisingsbruk.

Slettebygdene på Austlandet, og sers då bygdene kring Oslofjorden, har mykje dyrka jord, men lite dyrkingsjord. I dei fleste av bygdene der vil dyrkingsjorda gå med til beitedyrking og til utviding av småbruk. Det syner seg og at der er bygd svært få bureisingsbruk i desse bygdene, minst i Vestfold fylke med berre 4 bruk, men heller ikkje i dei andre bygdene har bureisinga vunne nokon framgang, som rimeleg kan vera. Eit unnatak frå dette er øvre Romerike, sers då Nes og Ullensaker, som etter måten har romsleg med dyrkingsjord, men heller ikkje desse bygder har meir dyrkingsjord enn det som trengs for bygdefolket sjølv.

Den mest typiske dyrkingsjord på øvre Romerike er mjelejord, ei fin mojord på leirgrunn. Landet er flatt og mjelen er vasssjuk, sur og næringsfattig, men lett å rydja med di skogen veks ringt og har røtene spreidd berre i det øvre jordlaget, og dertil er jorda steinfri. Med kalking eller leirkøyring, rikeleg gjødsling og god drift kan ein få gode og årvisse avlingar på mjelejord, sers då i turre og varme år, av di mjelen held godt på jordråmen.

Austfjells har vi dei største dyrkingsviddene i Hedmark fylke,

etter Glåmadalføret, mest i Sør-Østerdal, i bygdene Trysil, Elverum og Åmot som samanlagt har framimot $\frac{1}{2}$ million mål dyrkingsjord; men og futedøma Nord-Østerdal, Hedmark og Solør har romsleg med dyrkingsjord. Det same kan ein seia om Toten i Opland fylke. Dei andre dal- og fjellbygdene i Opland og på Austlandet elles har etter måten lite dyrkingsjord.

Koppjorda, som er den vanlegaste dyrkingsjorda i Solør, liknar mykje på mjelen både i næringsinnhald, fysiske tilhøve og dyrkingsvilkår elles. Både mjele- og koppjorda er ring skogsjord, så det kan ikkje reknast å vera nokon skade for skogen om desse jordslaga vert dyrka. På Toten og i Hedmark futedøme ligg vel mykje av dyrkingsjorda i ålmenningar som det kviler so mykje bruksrettar på at det til denne tid har vori vanskeleg å få ho fal til dyrking. Endå om bygdene i Hedmark har romsleg med dyrkingsjord, er det likevel ikkje meir enn at dei fleste av bygdene treng den sjølv til bureising for bygdefolket, og til utviding av småbruk og beitedyrking. Det er berre Sør-Østerdal som vi kan rekna med har noko til overs til utanbygds folk. Dei store dyrkingsviddene i desse bygder ligg noko høgt, jamnast 400—600 m o. h. Verlaget høver best for høy og rotvokstrar. Korn er ikkje årvisst. Fastmarka er jamnast noko steinet morenejord med skog. Som vanleg i barskogen er øvste laget råhumus. Finmaterialet i undergrunnen er oftast fin sand, kvabb. Kalking er naudsynleg for nydyrking. Det er ofte mykje både av stein og røter i jorda, så dyrkinga krev mykje arbeid. Dei store myrviddene (kjølane) er lettare å dyrka, men dei ligg jamnast verhardt til, så dei høver ikkje godt for bureising. Når dei elles er dyrkande, kan dei vera bra å ha attåt bruka til fôravl, som tilskotsjord til småbruk og til beitedyrking. På jord som ligg så høgt har det mykje å seia at ho ligg i høveleg halling mot sør. Når ein kjem opp i ei høgd på 500—600 m o. h. bør ein vera varsam med å setja ned bureisarar på nordvendt jord.

Sørlandet har lite både av dyrka jord og dyrkingsjord, og dyrkingsjorda ligg spreidd i mange småfelt mellom rabbar og fjell, så det krevst etter måten stor kostnad med veg- og kanalarbeid for å leggja vilkåra for bureising til rette der, men verlaget høver godt for sterk drift, betre enn dei fleste andre stader i landet, så det kan vera vel verdt å nytta den jord ein kan få i med rimeleg kostnad.

Vestlandet har frå gamalt ord på seg for å vera jordfattig, men etter jordbruksteljinga har Vestlandet, når ein reknar med Rogaland, meir enn dobbelt så mykje dyrkingsjord som Austlandet. Utanom Jæren er det likevel lite av store samla dyrkingsvidder. Jorda ligg spreidd i mange småfelt som høver godt for einskild bureising.

Dei fleste har sikkert høyrte om dei store dyrkingsvidder på Jæren. Det kjem vel mest av at dei ligg godt samla og er lett å få auga på. Etter jordbruksstatistikken har likevel Hordaland noko meir dyrkingsjord enn Rogaland fylke. Rogaland og Hordaland har kvar for seg

velso 300,000 mål dyrkingsjord i utmark. Sogn og Fjordane har kring 190,000 mål. Når det gjeld bureising må ein seia at Vestlandet i det heile ikkje har meir dyrkingsjord enn som trengs for bygdefolket sjølv. Bygdene Hardanger, Voss og Sogn har lite dyrkingsjord.

Best forsynt med dyrkingsjord er kystfylka frå og med Møre og Romsdal til og med Troms. Der ligg halvparten av all dyrkingsjorda i landet, og mykje av dyrkingsjorda er samla i store vidder. Soleis har nokre bygder i Romsdal og Nordmør, som t. d. Nord-Aukra, Hustad, Fræna og Smøla, mange stader samla dyrkingsfelt på frå 10,000 opp til 70,000 mål. I bygdene i ytre Romsdal er dyrkingsjorda for det meste sand- og morenejord eller grunne myrer med undergrunn av sand og grus. Mineraljorda har mange stader stort jarninnhald som feller seg ut og stoppar til grøftene. Men jorda er lett å dyrka og driva, og med god drift kan ein få gode og årvisse avlingar. Dyrkingsjorda på Smøla — som har eit av dei største samanhengende dyrkingsfelt i landet med kring 70,000 mål — er noko laus og djup myr, for det meste på fjellgrunn. I desse bygder i ytre Romsdal og på Smøla har selskapet Ny Jord og Møre og Romsdal landbruksselskap mange store dyrkingsfelt, det største på Smøla med kring 28,000 mål jord i alt. Det meste av dyrkingsjorda i desse bygder ligg på ei høgd over havet frå 20 til 50 m, og må reknast for å vera årvisse for dei kulturvokstrar vi til vanleg dyrkar her i landet.

I nokre av dei indre bygdene på Nordmør og i Sør-Trøndelag er det og romsleg med dyrkingsjord, serleg då i Rindal, Rennebu og Opdal. I dei 2 siste bygder ligg dyrkingsjorda noko høgt, 400—700 m o. h. Det er jamt over næringsrik og god jord, og verlaget ikkje verre enn at snarvaksne og tidlege kornslag som bygg mognar nokolunde årvisst, men elles vert det fóravl med høy, rotvokstrar og poteter ein må lita på for dyrkingsfelt som ligg så høgt. I desse bygdene, og elles i dei indre bygder i Trøndelag, Nordland og Troms, er det til vanleg skifergrunn, og dyrkingsjorda i dei indre bygder er i samhøve med det næringsrikare og betre enn ute langs kysten, der det for det meste er myrjord eller sand- og grusjord. Dei fleste bygder i Trøndelag har dyrkingsjord til eige bruk så nokolunde, men ikkje mykje til overs til utanbygds folk. Det er først i Namdal ein treffer på større dyrkingsvidder. Namdal har etter jordbruksteljinga over $\frac{1}{2}$ million mål dyrkingsjord, og legg ein til dyrkingsjorda i Sør-Helgeland i Nordland, som grensar inn til, kjem ein opp i vel 700,000 mål. I det heile er desse grisgrendte bygder mellom Namsenfjorden og Ranafjorden — det som Kleist Gedde kalla den store Rudmadalen — av dei jordrikaste i landet, men mykje av denne jorda ligg 200—300 m o. h., og det er i høgste laget når ein kjem so langt nord i landet. Vinteren er lang og hard og sumaren stutt, så dyrkingsvilkåra er ikkje dei beste. Bureisinga der høver best for lokalkjende folk. Det har somme tider vori tala om å flytta folk frå kystbygdene inn i landet og setja dei ned som bureisarar der. Eg vil ikkje rå til at ein prøvar seg på

det. Det forbyr seg sjølv av mange grunnar, m. a. at det ikkje mange stader inne i landet er store dyrkingsvidder å ta av til utanbygds folk, og dyrkingsvilkåra i dei indre bygder er heller ikkje soleis at det vil vera lett å greia seg der for folk som ikkje har kjennskap til dei. Det er heller ikkje naudsynleg å gå den vegen med di det endå er tolleg romsleg med dyrkingsjord i kystbygdene; men dersom ein vil våga eksperimentet, så er dei indre bygder i Namdalen av dei stader det er mest rom.

I Nord-Helgeland og Saltenbygdene ligg jorda meir spreidd. Når ein tek unna Nord-Rana, Fauske og Ballangen er det lite av større samla dyrkingsvidder, men sett under eitt er det jamt bra med dyrkingsjord i Nord-Helgeland og Salten.

Dei største dyrkingsvidder i landet finn vi nordafor Vestfjorden i Vesterålen og Troms. Vesterålen sorenskriveri har soleis meir dyrkingsjord enn heile Rogaland fylke, rundt $\frac{1}{2}$ million mål. Dei største dyrkingsviddene ligg på Andøya, som i alt har noko slikt som 165,000 mål myr, men mykje av denne myra er moltemyr og mosemyr som er dårleg dyrkingsjord, og det ser ut til at oppgåvene i jordbruks-teljinga for desse bygder er i høgste laget. Dr. Løddesøl i Det norske myrselskap reknar med at kring 55,000 mål av myra på Andøya er dyrkingsjord. Til dette kjem så noko fastmark, men etter det skulle ein ikkje kunne setja dyrkingsvidda på Andøya til meir enn høgst 80,000 mål. Elles er det og mykje dyrkingsjord på Langøya og den part av Hinnøya som hører til Vesterålen. Sers då i Bjørnskinn og Dverberg har dei dyrkingsjord til overs.

Nordlandskysten har i det heile milde vintrar og jamnast lange, men ikkje serleg varme sumrar. Det er høveleg med regn og verlaget høver i det heile godt for fôravl. Poteter og bygg er årvisse over heile fylket, og i den søre delen av fylket mognar og vårrug og tidlege havreslag årvisst. Vårkveite har vore dyrka so langt nord som til Ofoten, men ein kan ikkje gjera rekning på årvis avling av den. Ein av dei vanskane ein har å stri med i fôravlen er at overvintringa av meir kravfulle engplanter som timotei og kløver er noko utrygg. Dei milde vintrar med frost og tøy om ein annan, fører til at fleirårige vokstrar lid skade av isbrand og vårkjøld. Sers utsett er eng på nybrot. Mykje av dette kan ein retta på med betre kultur og først og framst med frøavl av nord-norske grasslag, men det vantar endå mykje på at vi er komne langt nok med det.

Det som er sagt om dyrkingsvilkåra i Nordland gjeld og mykje godt for kystbygdene sørover til Stadt og for Troms og Finnmark.

Troms fylke har etter statistikken over $\frac{1}{2}$ million mål dyrkingsjord. Talet er truleg for lågt. Kjende folk meiner at fylket har fram mot 1 million mål dyrkingsjord. Jordrike bygder er Sørreisa, Salangen, Målselv, Lenvik og Malangen i Sør-Troms og likeeins Tranøy, Karlsøy og Skjervøy i Nord-Troms. Alle desse bygder har mellom 20,000 og 70,000 mål dyrkingsjord på kvart herad.

I Vest-Finnmark er det smått med dyrkingsjord i dei fleste bygdene. Meir dyrkingsjord har ein i Aust-Finnmark, sers då i Sør-Varanger der Staten har eit stort dyrkingsfelt. Høgst av alle herad i fylket står Vardø herad med 156,000 mål dyrkingsjord. Det er noko meir enn halvparten av dyrkingsjorda i heile fylket og er truleg rekna i høgste laget. Dyrkingsvilkåra er vel heller ikkje så gode der at ein kan venta at all denne jorda skal kunne takast i bruk i ei rimeleg framtid.

Jamt over gjeld det at jorda på dei store dyrkingsviddene er fattig på plantenæring. Mjelejorda på Romerike, koppjorda i Solør, kvabben og grusmorenane i Østerdalen og lyngmarkene opp etter kysten er sterkt sure jordslag, og attåt det fattige på fosforsyre, kali og kvæve. Myrjorda er og jamnast fattig på kalk, fosforsyre og kali. Kvævemengda ymsar etter myrtypene, men omlaginga av kvæve til plantenæring går seint der verlaget er rått og kaldt, så ein gjer retast i ikkje å rekna med kvæveverknad på myrjord fyrste åra etter dyrkinga. Skal ein få gode avlingar på denne jord, må det kalking til og rikeleg og allsidig gjødsling.

Om dyrkingsvilkåra elles er å segja at mykje av dyrkingsjorda vår ligg langt mot nord eller høgt over havet, og soleis på eller over dyrkingsgrensa for kornet.

Jamt over vert det no dyrka kring 80,000 mål om året, og frå 1921 til utgangen av året 1938 er det gjeve uthustilskot til 14,300 bureisingsbruk. Det meste av nydyrkinga fell på mindre bruk som treng utviding for å kunne by eigarane ei rimeleg utkome av bruka sine.

Bureisinga er — som ein må venta det — størst i dei fylka som har mest dyrkingsjord. Nordland står høgst med 2,592 bruk og Troms kjem like etter med 2,531 bruk etter oppgåva 1938. Nord-Norge åleine har 41 % av bureisingsbruka i landet. Nest etter Nordland og Troms kjem Hedmark med 1750 bruk og Møre og Romsdal med 1218 bruk. Elles går bureisinga jamt fram i alle kystfylka. Minst bureising har slettebygdene på Austlandet: Vestfold med berre 4 bruk, Østfold med 8 og Akershus med 70 bruk.

Både nydyrkinga og bureisinga er soleis størst just i dei bygdene som like til den siste tid har hatt ei sidenæring attåt jordbruket, i kystbygdene med fiskeri og i nokre av innlandsbygdene med skogsdrift. No er det ikkje lett å tena to herrar. I lange tider har det vori så at dei har lagt mest arbeid og kapital i sidenæringa, som gav konstant innkome, medan jordbruket helst vart lite vyrdt.

Etter kvart som folkemengda har auka har det vorte for mange som søkte til sidenæringane, og desse bygdene er komne opp i store økonomiske vanskar. Dette har tvinga folk til å leggja større vinn på jordbruket. Det tek tid å retta på dette, og ein kan ikkje venta at desse folka med ein gong skal syna seg som fullgode jordbrukarar. Det vantar endå ikkje så lite på god drift både på gamle og nye bruk i desse bygdene, og vi lyt gå med på at det store arbeidet og den store

kostnaden som er lagt i nydyrking og bureising, endå ikkje er fullt utnytta, men just gjennom nydyrking og bureising går vegen til betre drift. Når det frå ymse sider er gjort det innkastet mot nydyrking og bureising, at det ville svara seg betre å nytta kapitalen til betre drift på dyrka jord på gamle bruk, må vi svara at her gjeld det ikkje anten eller, men både og.

Det har og vore sagt at det er lita meining i å auka jordbruksproduksjonen gjennom bureising og nydyrking når vi har meir jordbruksvarer enn vi kan verta av med på rimeleg vis. Til dette er å seia at første målet for bureisinga er å syta for sunnare og betre kosthald for bureisaren sjølv. Det som er kome på marknaden frå den kanten er ikkje endå så mykje at det gjer korkje frå eller til. Nokon marknad for norske jordbruksvarer har korkje skogbygdene eller kystbygdene vore i seinare tider. Dei har for det meste levd på importerte kolonialvarer, og det skader ingen om denne importen vert skift ut med mat som er avla på vår eiga jord. Vi har og i jordbruket vårt ein stor import av kolhydratrikt dyrefôr, som kan skiftast ut med poteter, rotvokstrar, A. I. V.-fôr og dyrka beite, og det vil vera ei trygg nasjonaløkonomisk vinning å skifta ut denne importen med dyrefôr som er avla på vår eiga jord. Det gjeld til alle tider, og no meir enn nokosinne.

BRENNTORV, KRISETILTAK OG FRAMTIDSPLANER

Radioforedrag av ingeniør A. Ordning den 15/2 1940.

DENNE vinteren med alle sine grader under 0 har på en ubehagelig måte minnet oss om hvor nødvendig brenselet er for oss. Etter senkningen av mange kullbåter er brenselssituasjonen blitt kritisk, og kull- og koksrasjoneringen er følgen. I denne situasjon, ærede lyttere, kommer De kanskje til å tenke på at det er et brensel som heter torv. Men dessverre — før sommerens sol og vind har skaffet vekk det meste av de 90 % vann våre brenntorvmyrer inneholder er ikke torven innen Deres rekkevidde.

Der har i de to—tre siste år av skogsfolk og torvfolk vært arbeidet på å få en produksjon av våre innenlandske brenslers ved og torv i gang i en sådan utstrekning at det kunne monne noe i en brenselkrise, og der finnes atskillig av utredninger og betenkninger, men få torvanlegg. Vi står, hva torvproduksjon angår, dårligere rustet enn ved forrige verdenskrigs utbrudd.

Av de omkring 1,000 millioner beregnede kulltonn brenntorv våre myrer anslås til å inneholde bruker vi nå bare omkring 125,000 bereg-